

Helge Langenes
Langeneset 82
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13255 - 21/6763

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
29.01.2021

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 60/28 Langenes

Tiltak: Gjenoppbygging av næst
Byggjestad: Gbnr: 60/28
Tiltakshavar: Helge Langenes
Ansvarleg søker: Langenes Bygg AS

Klagen på delegert vedtak, sak 20/13255, datert 30.10.2020, om avslag på søknad om etablering av naust – gbnr 60/28 Langenes vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 20.01.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 30.10.2020 ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«Utval for areal, plan og miljø - 005/21:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for tidlegare Lindås og byggjegrense mot sjø, jf. pbl § 1-8, for oppføring av naust.

Med heimel i pbl §§ 20-3, jf. 20-2, jf. 20-1, vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av naust som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er følgjande:

- Oppføring av naustet vil ikkje føre til nokon terrengeinngrep sidan det skal byggjast på stad der det har vore bygning før.
- Fotavtrykket (BYA) vil ikkje vere større enn det opprinnelege naustet/ sjøbua.
- Naustet er eit viktig kulturminne som vil vere tro mot original og lokal byggeskikk og tidlegare sjøbu.
- Bygget vil ikkje verte ruvande eller dominerande på denne staden
- Naustet får eit fint arkitektonisk uttrykk med tradisjonelle naudsynte funksjonar.
- 2. etasje skal ikkje nyttast til hytteliknande bruk.
- Naustet vil bidra til å oppretthalde kystkulturen. Presedensverknaden er ikkje tilstades då det

her er snakk om gjenoppbygging av eit tidlegare bygg på staden.

Utval for areal, plan og miljø meiner at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verta vesentleg sett til side, og for det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.»

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om etablering av naust - gbnr 60/28 Langnes

Avslag på søknad om etablering av naust - gbnr 60/28 Langenes

Kart

Teikningar

Uttale - gbnr 60/28 Langenes - gjenoppbygging av naust - dispensasjon

Søknad om tillatelse til tiltak

Opplysninger om ytre rammer og bygningsspesifikasjon

Dispensasjonssøknad

Nabovarsel

Følgeskrev

Vedlegg Q-1 Bileter

Klage på avslag på søknad om etablering av naust

Vedlegg til klage - Nabokerklæring og foto (dok 1-2-3)

Vedlegg til klage - Skøyte

Vedlegg til klage - Dokument 5 og 6 til saka

Kopi til:

Langenes Bygg AS	Kvassnesvegen 19	5914	ISDALSTØ
Langenes Bygg AS	Kvassnesvegen 19	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Helge Langenes	Langeneset 82	5912	SEIM
----------------	---------------	------	------